

# Prekenverkstedet



<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 5. søndag i påsketida – 2. mai 2021

Preiketekst: Luk 13,18-21

Lesetekst I: 1 Kong 17,8-16 eller Apg 2,42-47

Lesetekst II: Rom 12,1-3

## Noko lite kan bli noko stort

### Lesetekstane

Teksten frå 1. Kongebok 17 handlar om Elia og enkja i Sarepta. Det er ei kjent historie om den trufaste profeten Elia på 800-talet f. Kr. og den namnlause enkja. Den handlar om at ho stolar på Elia sine ord i ei krisetid, og om Guds omsorg for denne kvinna, som ikkje var israelitt. Jesus brukte denne historia i si forkynning i synagogen i Nasaret, Luk 4,25f.

I teksten i Apostelgjerningane 2 skriv Lukas om fellesskapet mellom dei truande i den første kyrkjelyden av Jesus-truande jødar i Jerusalem. Frå denne teksten kjem uttrykket «dei fire b-ane» (Bibel, Broderfellesskap, Brødsbryting og Bøn), sjølv om eg ikkje kan sjå at vers 42 har vore omsett slik.

Teksten i Rom 12 handlar om etisk rettleiing for det kristne livet. Teologi og etikk er nært knytt saman hos Paulus. Formaningane hans har grunnlag i Guds miskunn og i den omskapinga som skjer ved dåpen og trua, og han formanar oss til å leva dette nye livet.

Lesetekstane er sett opp slik at dei og preiketeksten skal belysa kvarandre. Denne søndagen er ikkje dette eit opplagt slektskap mellom tekstane. Men slutten av påsketida handlar om livet i lyset av oppstoda. Dei tre lesetekstane kan kanskje lesast med tolkingsnøkkelen «noko lite kan bli noko stort», utan å strekkast for langt?

### Preiketeksten

Preiketeksten i Luk 13,18-21 består av to små likningar om Guds rike. Sjølv om likningane i seg sjølve er små, fortel dei om eit rike som veks seg veldig stort.

Teksten er henta frå evangeliet etter Lukas. Matteus har også med begge desse små likningane, og Markus har med den første. Dei har plassert dette stoffet i ei samling med andre likningar. Men Lukas plasserer dei to likningane som ei oppfølging av ein konfliktsituasjon der Jesus lækjer ei kvinne på sabbaten. På gresk blir vers 18 innleia med eit «derfor sa han». Greier me å sjå ein samanheng med underforteljinga i vers 10-17? Eg kjem tilbake til dette.

### **Vers 18**

Kor planlagde og gjennomtenkte var Jesu likningar? Hadde han eit usynleg manus inni seg? Kom orda hans bare heilt av seg sjølv, sidan han var Guds son?

I denne teksten er det som om Jesus leiter etter ord! Han «kjenner Guds rikes krefter i seg selv, hvordan det presser seg på. Han vil dele det med disiplene og det folket han elsker. Men hvordan skal han få sagt det? Hva er Guds rike likt? Hva skal han sammenlikne det med?» (Sjur Isaksen: Ordet gjennom året, bd 2, side 107).

### **Vers 19**

Kva plante er det Jesus her brukar som eksempel? Det kan neppe ha vore åkersennep eller ein annan ugrasplante i korsblomstfamilien. Nokre har foreslått at Jesus tenkte på treet *Salvadora Persica*, som blant anna veks i Jordandalen. Andre hevdar at Jesus overdriver når han kallar sennepsplanten for eit tre.

Lukas har ikkje, som Markus og Matteus, tatt med poenget om at sennepsfrøet er så lite. Bibelselskapet sine fotnotar oppgir likevel her til Luk 13,19 at sennepsfrøet er svært lite og at det kan vera opptil 760 frø på eitt gram, og at treet kan bli over 2 meter høgt. Mens Hans Kvalbein i sin Matteuskommentar til Matt 13,31 skriv at «det må være tenkt på sennepsbusken, som kan bli opptil fire meter høy og som vokser i Palestina».

Det botaniske spørsmålet om kva plante Jesus her har tenkt på, er ikkje det viktigaste. Likevel: eg har ved forkynning over denne teksten, møtt engasjement og fått motforestillingar frå folk som har god greie på botanikken. Men om det botaniske her er litt uklart, skulle poenget vera ganske så klart. Matt 17,20 viser oss også at sennepsfrøet var så lite at samanlikning med det blei brukt som eit ordtak.

Når treet blir omtalt, blir det og nemnt at fuglane under himmelen bygger reir i greinene på det. Dette er eit uttrykk me finn i fleire tekstar i GT der treet spelar ei rolle, som Sal 104,12; Esek 17,23; 31,6; Dan 4,12 og 21.

Nokre av desse tekstane kan forstås slik at fuglane er bilde på folkeslaga. Den messianske jøden Stern tolkar dette slik: «Yeshua (Jesus) uses the imagery of Ezekiel and Daniel, passages which identify the birds with the nations of the world. Thus the Kingdom of Heaven honors Yeshua, the rejected Messiah; and the nations of the world find protection in him.» (David H. Stern: Jewish New Testament Commentary). Kvalbein skriv derimot: «At trærne i disse tekstene til dels er bilder på folkeslagene,

gir neppe grunnlag for å tolke fuglene som bilde på hedningene som søker til Guds rike. Omtalen av dem tjener heller til å understreke treets størrelse.»

## **Vers 20**

Bruk av surdeig var vanleg i brødbakinga både i gamaltestamentleg tid og på Jesu tid, jfr det faktum at det ein gong i året var høgtid med usyra brød (2. Mos 12,15ff; Matt 26,17).

Ein fotnote i Bibel 2011 forklarar surdeigen slik: «Når ein baka, tok ein vare på ein liten klump av den gjæra deigen (surdeig). Neste gong ein skulle baka, knadde ein klumpen inn i den nye deigen for å få han til å heva seg.» For å gjera det enkelt, kan me seia at dette var den tida sin gjær. Samtidig skal me ikkje gløyma at surdeig også i dag blir brukt i brødbaking, av mange med stor entusiasme!

Jesus brukar surdeigen som eit positivt bilde på korleis noko lite kan gjennomsyra noko stort. «Tre mål mjøl» skal tilsvara 36 liter eller 20 kg mjøl, så han tar kraftig i når han omtaler denne kvinna si brødbaking.

Det er interessant at Jesus her brukar surdeigen som bilde på Guds rike, når surdeigen elles ofte blir brukt som eit negativt bilde: Sjå Matt 16,5-12 om læra til farisearane og saddukearane, 1 Kor 5,8 om vondskap og synd.

## **Til preika**

Jesus brukar bilde frå hagearbeid og brødbaking. Evangelisten Lukas har ofte både manns- og kvinneperspektiv i tekstane sine. Her er det ein mann som sådde i hagen og ei kvinne som bakte brød.

Hovudpoenget i begge likningane må vera kontrasten mellom ein beskjeden start og ei mektig fullending. Dette er eit spennande tema som kan brukast på fleire måtar i forkynninga.

Det dreier seg om bevegelsen frå det litle til det store, frå det ubetydelege til det mektige. Dette er også trua sitt mysterium. Det er ei kraft i Guds rike som me ikkje kan ha kontrollen over. Både frøet og deigen blei lagt «i noko anna» og verkar der i det skjulte, med uana krefter. «Troens øye ser det, han gir liv og fred» (frå påskesalmen Deg være ære).

Noko lite kan bli noko stort. Den enkelte forkynnar kan finna eigne eksempel på dette frå trua og livet. Her er nokre som kan setja tankane i gang:

- Til foreldre som har fått eit barn; om håpet og forventningane som er knytt til barnet sitt liv
- Eit ord eller ei tru som blir sådd i eit menneske. Eg tenker her på mors bibelforteljingar til meg då eg var barn
- Jesu fødsel i Betlehem; eit barn som bar Guds rike i seg

- Jesu oppstode; han blei lagt i ei grav, i «noko anna», men stod opp til nytt og evig liv

Ei lita historie henta frå Sjur Isaksen til denne teksten: «En gruppe turister er på besøk i en liten pittoresk landsby. Når de går forbi en gammel mann som sitter på en krakk ved et gjerde spør en av turistene. Er det noen stor mann som er født i denne landsbyen? Den gamle mannen svarer: Nei, bare babyer. Et lettvint spørsmål, fikk et dypt svar.»

Tilbake til dette med samanhengen som Lukas plasserer dei to likningane i. Kan dette vera ein kommentar frå evangelisten til den konflikten som oppstod i synagogen i vers 10-17? Her gjer Jesus eit frigjerande under for «ei Abrahams dotter som Satan har halde bunden i heile atten år». Eit enkeltstående under kan kanskje sjå lite ut i den store samanhengen. Men det er eit teikn på den store og endelege oppfyllinga av Messiasprofetiane, jfr programtalen hans i Luk 4,18f der det står at fangar skal få fridom og undertrykte skal bli sette fri.

**Arne Berge**

sokneprest i Hinna menighet, Ytre Stavanger prosti

[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)